DET JURIDISKE FAKULTET
UNIVERSITETET I BERGEN

Protokoll
Styret for Det juridiske fakultet

Styremøte tirsdag 27. januar 2009 kl. 12.15 – 16.30

Til stede:	Nordtveit (fratrådte under behandling av sak10/09), Strandbakken, Holgersen, Askeland (for Husabø), Sæther Mæhle, Bernt, Øyen, Hatling, Hauken, Ramani, Klefsåsvold (for Lütken)
Forfall:	Husabø, Lütken
Andre tilstedeværende	Buanes, Simonsen, Sæbø, Stoltz Olsvik og Fredheim.

Saksliste

S. sak 01/09 **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste.

S. sak 02/09 **Protokoll fra styremøtet 16. desember 2008**

Det var ingen merknader til protokollen.

S. sak 03/09 **Orienterings- og referatsaker**

a) Protokoll fra Forskningsutvalget
Protokoll fra møtet 08.12.08 fulgte vedlagt.

b) Protokoll fra Studieutvalget
Protokoller fra møtene 08.12.08 og 19.01.09 fulgte vedlagt.

c) Oppnevning av sakkyndige komiteer
Oppnevning av sakkyndig komité i forbindelse med utlyst stilling som postdoktor innenfor forskningsprosjektet *"The Principles of Criminal Law and the Development of the European and International Criminal Law*"(08/13377). Brev av 23.12.08 fulgte vedlagt.
Oppnevning av sakkyndig komité i forbindelse med utlyst stilling som postdoktor innenfor satsingsområdet *"Demokrati og rettstat"* (08/6807). Brev av 12.01.09 fulgte vedlagt.
Oppnevning av sakkyndig komité i forbindelse med innlevert ph.d.-avhandling *"Utlevering for straffbare forhold. Norsk rett i nordisk, europeisk og globalt samarbeid"* fra Gjermund Mathisen (08/15011). Brev av 23.12.08 fulgte vedlagt.

d) Personalia

- Karl O. Wallevik er tilsatt som universitetslektor i perioden 12. januar

2009 til og med 11. oktober 2009.

- Bjarne Kvam er fra 1. januar 2009 tilsatt som stipendiat for en periode på 4 år.
- Linda Gröning er fra 1. februar 2009 tilsatt i midlertidig stilling som førsteamanuensis i påvente av bedømmelse for postdoktorstilling, dog ikke ut over 31.07.09
- Robert Daley er fra 1. februar 2009 tilsatt som stipendiat for en periode på 3 år.
- Katrina Hames har fått forlenget sin midlertidige tilsetting som universitetslektor fra 1. mars 2009 til og med 31. juli 2009.
- Jørn Øyrehagen Sunde har fått forlenget sin permisjon i 20 % av stillingen
  som professor fra 1. januar 2009 til og med 31. desember 2009.
- Tatyana Gorskaya har fått forlenget sin midlertidige tilsetting som vitenskapelig assistent fra 1. januar 2009 til og med 30. juni 2009.
- Anja Mathiesen og Anders Skorpen har fått forlenget tilsetting som medarbeidere i fakultetets informasjonssenter fra 1. januar 2009 til og med 30. juni 2009.
- Gard Håvard Røren har fått forlenget sin tilsetting som medarbeider i fakultetets informasjonssenter fra 1. januar 2009 til og med 8. mars 2009.
- Asbjørn Gabrielsen har fått forlenget sin midlertidige tilsetting som studentmedarbeider fra 1. januar 2009 til og med 30. juni 2009.

e) Saker sentrale klagenemnd (unntatt offentlighet)
Klagesak 246/08 fulgte vedlagt.

S. sak 04/09 **Innstilling om fakultetets ressurssituasjon og –behov. Orienteringssak**

S. sak 05/09 **Budsjettfordeling 2009**

Vedtak:

1. *Undervisningen til de norskspråklige spesialemnene høsten 2009 reduseres fra 2 timer pr studiepoeng til 1.5 time pr studiepoeng. Det kan etter søknad gjøres unntak fra dette*
2. *Det foretas bare tilsetting i to av de tre tidligere utlyste stipendiatstillingene*
3. *Fakultetets budsjettildeling til den departementsfinansierte virksomheten fordeles på enkeltpostene i samsvar med forslaget i notat av 22.01.09 til fakultetsstyret*

Vedtakene under pkt 1 og 3 var enstemmige. Vedtaket under pkt 2 ble gjort med 9 stemmer. 2 stemte for at **det skulle tilsettes i alle de tre tidligere utlyste stillingene.**

S. sak 06/09 **Rapport Årsplan 2008**

Vedtak: *Fakultetsstyret tar notat av 21.01.09 med rapport om fakultetets oppfølging av årsplan 2008 til orientering*

S. sak 07/09 **Årsplan 2009**

Vedtak: *Dekanus gis fullmakt til å utarbeide den endelige årsplan på grunnlag av forslag i saksnotat av 21.01.09*

S. sak 08/09 **<u>Styrings- og ledelsesformer på fakultets- og instituttnivå</u>**

Vedtak: *Styret ved Det juridiske fakultet avgir følgende høringsuttalelse om styrings- og ledelsesformer på fakultets- og instituttnivå:*

”Det vert vist til brev frå Universitetsdirektøren av 12.11.08, der ein bed fakulteta uttala seg om leiingsstruktur på fakultets- og instituttnivå.

Det juridiske fakultet har drøfta saka på personalmøte den 9. januar og i fakultetsstyremøte 27. januar. Saka er også drøfta av Forskingsutvalet ved fakultetet i møte 20.01. 2009.

Styret ved Det juridiske fakultet vil peika på at organiseringa og leiinga av verksemda på alle nivå ved Universitetet i Bergen er avgjerande for om Universitetet kan nå sine mål og utnytta ressursane på ein god måte. Universitetet og dermed fakulteta og institutta står overfor andre styringsutfordringar enn tidlegare. Aukande konkurranse om forskingsmidlar frå nasjonale og europeiske organ og konkurranse om så vel studentar som gode forskarar stiller strenge krav til leiarkompetanse og evne til strategisk og profesjonell leiing av fakultet og institutt ved Universitetet.

Effektiv utnytting av ressursane, god personalforvalting og effektiv prosjektadministrasjon og evne til å prioritera og leia mot langsiktige strategiske mål, vil vera stadig viktigare for at Universitetet skal kunne nå opp i konkurransen og halda på sin posisjon som det leiande universitetet på Vestlandet og som eit internasjonalt synleg forskingsuniversitet.

Det juridiske fakultet har som kjent ein organisasjonsmodell utan institutt. I det fylgjande vil vi difor først uttala oss om fakultetsnivået og vil deretter koma med nokre merknader om styringsmodellen på instituttnivå.

Det juridiske fakultet vil understreka at det sentrale problemet er å få ei styringsordning som gjev ei god fagleg leiing og god administrativ styring, tilpassa dei styringsutfordringane som fakulteta og institutta står overfor. I den diskusjonen bør ein ikkje overdriva skilnaden mellom ein valt og ein tilsett leiar.

Krava til leiaren er at ho eller han skal ha god forankring og legitimitet i fagmiljøet, kunne tenkja strategisk og langsiktig, kunne ta avgjerder som ikkje alle er samde i, kunne verka som ein fagleg inspirator, kunne opptre og tala avdelinga eller instituttet si sak utad og formulera klare mål for verksemda innad. Dette er omsyn som kan varetakast både med valt og tilsett leiar. Spørsmålet er kva ordning som gjer det mest sannsynleg at ein får ein god leiar.

Det juridiske fakultet meiner at ein ved ein tilsett leiar betre vil kunne sikra omsynet til å få ein leiar med sterk leiarkompetanse, ved at ein i tilsetjingsprosessen får ei nøye vurdering av leiareigenskapane hos vedkomande og fordi ein også vil kunne rekruttera leiarar utanfor institusjonen. Ved tilsett leiar vil ein også tydeleggjera leiarrolla og – skyldnaden enda sterkare.

Omsynet til fagleg forankring må sikrast ved at ein for det første vil krevja sterk fagleg kompetanse hos den som vert tilsett, og ved at dei tilsette får ei sentral rolle i tilsetjingsprosessen. Tilsetjing må skje på åremål.

Det juridiske fakultet meiner at ein bør ha einskapleg leiing same om ein har valt eller tilsett leiar. Faglege satsingar krev styring av budsjett og økonomiforvaltning. Den som vert tilsett eller eventuelt valt som dekan må vera øvste leiar av fakultetet. Dette inneber at ein må ha einskapleg leiing med ansvar for alle sider av verkemda. Det vil vera opp til leiaren å syta for kompetente rådgjevarar og å foreta naudsynt delegasjon av oppgåver slik at han får rom for å fungera som overordna og fagleg leiar. Dette kan gjelda både økonomiforvaltning, utdanningsspørsmål, forskarutdanning med meir.

Det juridiske fakultet ser det som ein føresetnad for innføring av tilsett leiar at fakultetet skal ha eit styre som har ein kompetanse som ikkje er vesentleg annleis enn den kompetansen styret har i dag. Ein ser det slik at dette er eit av fleire spørsmål som treng nærare utgreiing.

Det juridiske fakultet har som nemnt ikkje institutt og har difor ikkje som dei andre fakulteta røynsle med tilsett instituttstyrar. Fakultetet ser det likevel slik at dei omsyna som er nemnt ovanfor også tilseier at ein held fram med tilsette instituttstyrar.

Det juridiske fakultet meiner det vanskeleg kan påvisast faglege skilnader som gjer det vanskelegare for einskilde fakultet å ha tilsett leiar, enn for andre. Det vil vera ein fordel at alle leiarar på same nivå på universitetet har det same legitimitetsgrunnlaget og dei same fullmaktene. Ulike relasjonar til sentralleiinga for dekanane vil til dømes kunne skapa vanskar. Ein er usikker på om desse vanskane er så store at ein ikkje kan ha ulike ordningar som ei prøveordning, dersom det er naudsynt for å kunne prøva ut nye styringsformer. Dette er eit spørsmål som treng nærare utgreiing."

Standpunktet om å gå inn for tilsatt leder fikk 7 stemmer. 4 stemte for valgt leder

Standpunktet om enhetlig ledelse uansett rekrutteringsmåte for leder fikk 10 stemmer. 1 stemte for fortsatt delt ledelse ved valgt leder.

S. sak 09/09 **<u>Fakultetets videre oppfølging av NOKUT-rapportene</u>**

Vedtak: *Fakultetsstyret slutter seg til uttalelse om oppfølging av NOKUT-rapportene slik det er foreslått i notat av 21.01.09 til styresak 9/09*

S. sak 10/09 **<u>Søknad om å få framstille seg til PhD-graden</u>**

Vedtak: *Ole Egil Distad Andreassens avhandling "Tillit til retten" finnes ikke verdig til å forsvares for PhD-graden..*

S. sak 11/09 **<u>Eventuelt</u>**

Det var ingen saker under eventuelt

Bergen, 29.01.09

Ernst Nordtveit
dekanus

Eivind Buanes
fakultetsdirektør